

MØTEINNKALLING

Utval: **FORMANNSKAPET**
Møtestad: **FORMANNSKAPSSALEN**
Møtedato: **10.06.2008** Tid: **0830**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr. Tittel
69/08	08/295 Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009
70/08	08/251 Søknad om fritak for eigedomsskatt - Gnr.14 bnr.1
71/08	08/275 Søknad om fritak for eigedomsskatt frå Leikanger MC-klubb.
72/08	08/356 Endra opningstider i skulefritidsordninga og fastsetjing av nye betalingsattsar.
73/08	08/378 Evaluering av Kulturskulen i Sogn
74/08	08/35 Felles barnevernkontor - Luster, Sogndal og Leikanger
75/08	08/165 Søknad om frådelling av tomt til garasje/verkstad - Gnr.20 bnr.1
76/08	06/172 Leikanger storvald – endring av bestandsplanen 2006 - 2008
77/08	08/312 Søknad om fartshumpar og flytting av fartsgrensesone 30 km/t i Kleppavegen
78/08	08/406 Orienteringssaker

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
Arkivsak nr.: 08/295

Arkiv: 145

Sak nr.:	Utval	Møtedato
69/08	Formannskapet	10.06.2008
/	Kommunestyret	19.06.2008

TILRÅDING:

Grunnlaget for økonomiplan 2009-2012 viser ein stor auke i driftskostnadene med ei samla underdekning for heile perioden på 31,3 mill kr. Med dette som utgangspunkt, meiner rådmann at rammene må reduserast vesentleg, og tilrår fylgjande reduksjonar:

	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
Sentrale folkevalde organ og revisjon	200	200	200	200
Pleie og omsorg	1000	1000	1000	1000
Undervisning	1200	1200	1200	1200
Ungdomsklubben	300	300	300	300
Bibliotek (husleige)			300	300
Veg	50	50	50	50
Brannvern	100	100	100	100
Miljø, areal og næring	50	50	50	50
Kyrkja	100	100	100	100
Sum reduserte kostnader	3000	3000	3300	3300

Inntektene vert tilrådd auka slik:

Auke i fondsinntekter	1000	1000	1000	1000
Eigedomsskatt		1000	1000	1000
Sum auka inntekter	1000	2000	2000	2000

Samla verknad av reduserte rammer og auka inntekter:

Samla verknad, pr år	4000	5000	5300	5300
-----------------------------	-------------	-------------	-------------	-------------

Samla verknad, totalt for heile perioden: kr.19.600.000,-.

Med desse endringane vert nytt resultat sjåande slik ut:

	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
Opprinnlege rammer	-8 130	-7 687	-7 623	-7 851
Reduksjonar	4 000	5 000	5 300	5 300
Endra resultat	-4 130	-2 687	-2 323	-2 551

Samla meirforbruk i perioden som må salderast med bruk av disposisjonsfond, vert då kr.11.691.000,-.

DOKUMENT:

- Økonomiplan 2009-2012, spesifisert pr. ansvar, inkl. endringar som er med i grunnlaget – vedlegg 1.
- Investeringsliste, spesifisert på år, renter og avdrag – vedlegg 2.

SAKSUTGREIING:

ØKONOMIPLAN 2009 – 2012

INNLEIING

Kommunesektoren sine frie inntekter består i hovudsak av skatteinntekter og rammeoverføringar. Desse utgjer knapt 70% av sektoren sine samla inntekter. For 2009 vert det i St.prp. nr. 67 lagt opp til realvekst i dei frie inntektene på mellom 3,5 og 4 mrd. kroner. Veksten i frie inntekter er då rekna i høve anslått inntektsnivå i 2008 i revidert nasjonalbudsjett for 2008.

I juni kvart år fastset kommunestyret mål og rammer for neste års budsjett. På grunnlag av dette vedtaket skal rådmannen innan 10. juli sende ut budsjetttrundskriv til sektorleiarane og tenesteeiningane.

Økonomiplanen skal rullerst saman med årsbudsjettet kvart år. Rådmannen finn det mest føremålstenleg at rulleringa startar som ein del av arbeidet med mål og rammer for årsbudsjettet. På denne måten får ein med seg dei langsiktige konsekvensane av dei rammene som vert fastlagde i årsbudsjettet. Den endelege økonomiplanen 2009-2012 skal utarbeidast hausten 2008. Årsbudsjettet for 2009 vil bli innarbeidd som ein del av økonomiplan, slik at dette blir eitt og same dokument.

REVIDERT 2008- BUDSJETT

Som grunnlag for budsjett 2009 og økonomiplan 2009-2012 har ein teke utgangspunkt i 2008-budsjettet inkl. justeringar i året.

BRUK AV FOND (orientering)

Budsjettet for 2008 vart vedteke med avsetjing av kr. 689.000,- til disposisjonsfond. Denne budsjetterte avsetjinga har sitt opphav i inntektsføring av momskompensasjon frå investering på nesten 7,2 mill.kr, samt budsjettert bruk av avkastning på 4,6 mill kr.

For at budsjettert styrking av fondet skal gjennomførast, er vi avhengig av at kommunerekneksapet vert avslutta med positivt resultat.

Ved inngangen av 2008 har vi frie fond på ca. 34 mill kr.

Av desse er det 15 mill kr avsett som kursreguleringsfond og kan nyttast ved eventuelle tapi aksjemarknaden.

Avkastning på investerte midlar har fom år 2000 og tom 2007 akkumulert seg til kr. 63.686.113,-.

I same periode er det budsjettert med bruk av avkastning på kr. 43.294.000,-.

Pr. 01.01.2008 har vi i Pareto ein portefølje på (ca) kr. 116.800.000,-.

Pr. 01.06.2008 er denne redusert til kr. 108.100.000,-. Vi har då realisert kr.10.000.000,- som gjeld tidlegare budsjettert bruk av avkastning.

Bruk av fond til investering i 2008 er enno ikkje realisert.

Hjå oss fordeler denne seg på fylgjande fond, saldo pr.01.01.2008 (Kraftfondet):

Reservefond / Kurs.reg.fond	Kap.fond aksjar	Driftsfond	Totalt
15.000.000	76.168.000	19.591.000	110.759.000

Uttakt av kr. 18,2 mill til investeringar i 2008 er som sagt ikkje realisert og heller ikkje innrekna i denne oversikten.

(18,2 mill vil gå til reduksjon av kapitalfondet.)

GENERELLE FØRESETNADER FOR 2009-2012

Lønn

Det er ikkje lagt inn generell pris- og lønsstigning og det er dermed ikkje utrekna eigen lønsreserve for 2008.

Lønsoppgjøret for I 2008 er eit hovedoppgjør, og vi må forvente ein lønsvekst på min. 6 %. For 2009 vil lønsnivået bli høgare enn grunnlaget for 2008 og vi føreset at denne auken vert kompensert gjennom auke i statlege overføringar (kommunal deflator for løns- og prisvekst) som vert lagt inn i sektorframlegg til hausten.

Det er vidare ikkje gjort endringar i budsjetteringa av KLP pga vi tidleg på hausten vil motta utrekning frå KLP på stipulerte kostnader.

Endringar i inntektssystemet frå 2009.

Med intensjon om å få ei jamnare fordeling av inntektene mellom kommunane, sikra større forutsigbarheit og for å oppnå regionalpolitiske mål, er det utarbeida vesentlege endringar i inntektssystemet frå og med 2009.

I kommuneproposisjonen for 2009 vert det oppgitt at for Leikanger kommune sin del, utgjer desse endringane ein inntektsauke på 1,8 mill.

Vi må då ha med oss at ca. 1,3 mill gjeld anslått vekst i frie inntekter for 2009.

Rekneskapsføring av meirverdiavgiftskompensasjon.

Kommunal og regionaldepartementet sende i desember 2007 ut på høyring forslag om endra rekneskapsføring av meirverdiavgiftskompensasjon som kjem frå investering. Endringa går ut på at kompensasjonen ikkje lenger skal førast i driftsrekneskapet (som i dag) men i investeringsrekneskapet.

Høyringsfristen var 7.mars 2008 og departementet vuderer no spørsmålet mellom anna ut frå dei høyringsuttalelsar dei har fått inn.

I 2008-budsjettet utgjorde denne posten bortimot 7,3 mill kr.

RAMMER 2009 – 2012.

Med dei tiltaka som er lagt direkte inn i grunnlaget, viser økonomiplan fylgjande underdekning:

	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
Underdekning	8 130 000	7 687 000	7 623 000	7 851 000
Verknad av investering				
Totalt	8 130 000	7 687 000	7 623 000	7 851 000

Verknad av investering er ikkje lagt inn. Vedlagt i saka fylgjer oversikt over aktuelle investeringar, sjå vedlegg 2. Der vil ein også kunne sjå kva verknad for resultatet den einskilde investering medfører.

Rente er rekna inn med dei satsar som ligg i øk.plan 2009-2011.

Rådmannen sine merknader:

Grunnlaget for økonomiplan 2009-2012 syner ein stor auke i driftskostnadene, med ei samla underdekning for heile perioden på 31,3 mill kr.

Disposisjonsfondet, som framstår som den einaste alternativet for saldering, har i dag ein saldo på 19,5 mill kr og ein ser at kommunen sitt økonomiske fundament vert vesentleg svekka om ein gjennomfører alle tiltaka som er lagt inn i grunnlaget.

Spesielt urovekkande er det også at det i grunnlaget er lagt inn forventa avkastning frå verdipapirmarknaden på 4,5 mill kr kvar år, utan at kommunen har garanti for at ein får desse inntektene

Situasjonen med at driftskostnadene blir langt høgare enn driftsinntektene kan ikkje halde fram.

Det ligg også ei stor utfordring i at kommunen må få kontroll med driftssituasjonen før det blir lagt inn og sett i gang nye investeringsprosjekt.

Rådmann har difor i si tilråding kome fram til endringar som bør gjennomførast for å betra den økonomiske situasjonen.

Det er mellom anna lagt opp til at ein ikkje aukar opp tilleggsløyvingane og at ein heller ikkje aukar opp kostnadene til formannskapet.

Ellers er det lagt opp til at eigedomsskatten vert auka frå 2010 og at ein ikkje lenger nyttar aktiv forvaltning av kraftfondet.

Alternativet vert då å realisere aksjar og obligasjonar og sette dei i banken for sikker, årleg avkastning.

Driftsoversikt (mai 2008)

Driftsoversikten er bygget på venta endringar for 2009 samt opplysningar frå kommuneproposisjonen for 2009.

<i>(Tal i 1000 kr)</i>	2009	2010	2011	2012	Perioden
Skatt på inntekt og formue	42 865	42 865	42 865	42 865	
Rammetilskot	30 645	30 200	30 250	30 255	
Eigedomsskatt	2 350	2 350	2 350	2 350	
Rentekompensasjon eldreomsorg	1 041	1 019	941	921	
Rentekompensasjon skule	535	534	483	466	
Avskrivning / kalk.renter	1 954	1 954	1 954	1 954	
SUM FRIE INNTEKTER	79 390	78 922	78 843	78 811	315 966
Renteinntekter	401	401	401	401	
Renteutgifter eksisterande lån	-7 503	-6 967	-6 967	-6 967	
Aksjeutbyte	629	629	629	629	
Avkastning fond	4 500	4 500	4 500	4 500	
Meklarhonorar	-650	-650	-650	-650	
Netto renteutgifter/-inntekter	-2 623	-2 087	-2 087	-2 087	
Avdragsutgifter eksisterande lån	-3 685	-4 560	-4 560	-4 560	
Netto avdragsutgifter	-3 685	-4 560	-4 560	-4 560	
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-6 308	-6 647	-6 647	-6 647	-26 249
TIL FORDELING	73 082	72 275	72 196	72 164	289 717
<i>Til driftsråmer:</i>					
Sentrale folkevalde organ og revisjon	-1 987	-1 927	-2 002	-1 927	
Sentraladministrasjon og styring	-4 361	-4 361	-4 361	-4 361	
Fellestenester	-1 841	-1 841	-1 841	-1 841	
Undervisning	-20 847	-20 447	-20 422	-20 693	
Barnehage	-1 543	-1 378	-1 260	-1 260	
Helsetenester	-4 060	-4 060	-4 060	-4 060	
Sosial og barnevern, psykiatri	-4 881	-4 481	-4 481	-4 481	
Pleie og omsorg	-23 279	-23 279	-23 279	-23 279	
Kultur og bibliotek	-1 849	-1 849	-1 849	-1 849	
Kulturskolen i Sogn	-859	-859	-859	-859	
Byggeförvaltning	-7 738	-7 488	-7 488	-7 488	
Vegar	-1 475	-1 475	-1 475	-1 475	
Brannvern	-830	-830	-830	-830	
Vatn, avløp og Renovasjon (VAR)	0	0	0	0	
Miljø, areal og næring	-1 330	-1 280	-1 280	-1 280	
Livssyn	-1 417	-1 492	-1 417	-1 417	
Lønsreserve	-2 915	-2 915	-2 915	-2 915	
Sum driftsutgifter	-81 212	-79 962	-79 819	-80 015	-321 008
DRIFTSRESULTAT	-8 130	-7 687	-7 623	-7 851	-31 291
Frå invest.budsjett:					
Renteutgifter nye lån					
Tapt avkastning					
Avdrag					
Momskompensasjon investering					
Sum frå invest.	0	0	0	0	0
Resultat (21.05.2008)	-8 130	-7 687	-7 623	-7 851	-31 291

OVERSIKT OVER ENDRINGAR I HØVE 2008 SOM ER LAGT INN I GRUNNLAGET.

SENTRALADMINISTRASJON OG STYRING

Ansvar:	Ansvarstekst	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
11002	Formannskapet	100	100	100	100
11006	Valutgifter	60	0	75	0
11007	Tilleggsføring	100	100	100	100
11132	Felles datasystem	-87	-87	-87	-87
11134	Andre fellesteneste	174	174	174	174
11191	Årets premieavik KLP og SPK	0	0	0	0
11192	Amortisert premieavik	0	0	0	0
11199	Lønnreserve				
	Sum endring i høve til B2008	347	287	362	287

og 1.1002	Tiltak:	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
	Møtegodtgjersle - politiske organ	100	100	100	100
Sum		100	100	100	100

Kommentar:

Framlegg til nytt reglement for godtgjersle til folkevalde vil medføre omlag 100.000,- meir i auka kostnader.

Ansvar / konto:	Tiltak:	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
1.1006					
1299	Valutgifter	60	0	75	
Sum		60	0	75	0

Kommentar:

Storingsval i 2008 og kommuneval i 2011. Erfaringsvis er kostnadene med kommunevala noko høgare.

Ansvar / konto:	Tiltak:	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
1.1007	Tilleggsføringar				
4901	Tilleggsføringar	100	100	100	100

Kommentar:

Budsjettet er vanlegvis oppsett med kr 50.000 som kan nyttast som tilleggsøyvingar i påkomne tilfelle der det ikkje finst dekning. Denne posten er for liten da det alltid oppstår ting som ikkje er budsjettet. Posten bør høgast med kr 100 000 for å kunne ha kr 150 000 til disposisjon for slike ting.

Ansvar / konto: 1.11132	Felles datautgifter	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
1304	Datakom og kommunenett	105	105	105	105
1953	Lisens felles dataprogram	-60	-60	-60	-60
2002	Kjøp av programvare	-159	-159	-159	-159
2401	Vedlikh og support data	-80	-80	-80	-80
2412	Utgifter on-line teneste	40	40	40	40
2413	Kjøp it-tenester	-80	-80	-80	-80
2414	Drift og vedlikehald	147	147	147	147
Sum		-87	-87	-87	-87

Kommentar:

Det er lagt inn mindre til kjøp av nye program, lisensar og kjøp av it-tenester. Postane til datakommunikasjon/kommunenett er auka opp i samsvar med kostnadsutviklinga. Det gjeld også post 2414 Drift og vedlikehald som gjeld avtalen med Fylkeskommunen der kostnadene aukar pga dei nye løysingane med Stas, Gerica og Socio. For ansvaret under eitt kan kostnadene samla reduserast med kr 87.000,- i høve 2008.

Ansvar / konto: 1.11134	Tiltak: Andre fellestenester	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
1001	Papir og kontorrekvisita	22	22	22	22
1302	Porto	20	20	20	20
1303	Teleutgifter	-25	-25	-25	-25
1851	Yrkesskadeforsikring	40	40	40	40
1951	Kontingentar	51	51	51	51
2424	Kopinoravtale	3	3	3	3
2429	Druftavtale kopieringsmask og frank	6	6	6	6
3302	Refusjon - akkrivordninga	63	63	63	63
3305	Refusjon - innkjøpsordninga	-6	-6	-6	-6
Sum		174	174	174	174

Kommentar:

Dei ulike postane er justert i samsvar med siste års rekneskap. Utgiftene til papir og porto har vori underbudsjettet. Det same gjeld for yrkesskadeforsiringa og årskontingent til KS. Avtalen med fylkeskommunen om felles arkivordning har ein samla årskostnad på kr 156.000 mot tidlegare budsjettet kr 53.000

Ansvar / konto: 1.1191	Tiltak: Premieavvik KLP og SPK	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
921	Premieavvik				
992	Arb.gj.avift premieavvik				
Sum		0	0	0	0

Kommentar: Har ikkje grunnlaget for å gjera evt endringar.

Ansvar / konto: 1.11192	Tiltak: Amortisert premieavvik	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
921	Premieavvik KLP og SPK				
992	Arb.gj.avgift premieavvik				
Sum		0	0	0	0

Kommentar: Har ikkje grunnlaget for å gjera evt endringar

Ansvar / konto: 1.1199	Tiltak: Lønsreserve	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
4903	Lønsreserve				

Kommentar:

Hovudtariffoppgjeret pr 1.5.2008 er ennå ikkje klart. Det vil legge grunnlaget for å gjera påslag for lønsutviklinga framover. I økonomiplansamanheng bør vi setje opp "Lønsreserven" som ein samla post for alle driftseiningane (tenesteområda)

Alternativt at vi fører opp forventa lønsauke inkludert i dei ordinære lønspostane og kuttar ut ordninga med å setje av eigen løyving som "lønsreserve".

SEKTOR FOR OPPVEKST OG OMSORG

Ansvar:	Ansvarstekst	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12111	Sosialkontotenester	70	70	70	70
12121	Generell barnevernteneste	-160	-160	-160	-160
	Miljøarbeidar PMTO	160	160	160	160
12123	Barneventiltak utanfor familien	400	0	0	0
	Pleie og omsorg	-481	-481	-481	-481
12320	Legetenesta	25	25	25	25
12321	Legevakt	10	10	10	10
12411	Ungdomsskulen	275	-125	0	271
12412	Barneskulen	716	716	566	566
12414	Spesialundervisning bh	16	16	16	16
12501	Nybø barnehage	-23	-23	-23	-23
12502	Henjahaugane barneh.	-116	-116	-116	-116
12505	Sorenskrivargarden	227	62	-56	-56
12512	Samla styrka tilb i bh.	0	0	0	0
12631	Kulturformidling	5	5	5	5
12702	Aktivitetstilbod born og	18	18	18	18
12653	Tilskot lov om trusamf.	16	16	16	16
12315	Folkehelsekoordinator				
135....	Drift av NAV-kontoret	85	85	85	85
	Sum endring i høve til B2008	1 243	278	135	406

SOSIAL OG BARNEVERN, PSYKIATRI

Ansvar / konto:	Tiltak: Sosialkontortenenester	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 111	Auka lønsutgifter	70	70	70	70
Sum		70	70	70	70

Sosialkontoret går inn i NAV frå november 2008 med 1,5 stilling. Lønsutgiftene til leiarstillinga vert delt mellom stat og kommune. Lønsplassinga for dei kommunalt tilsette inneber meirutgifte for kommunen med kr. 70.000,-

Ansvar / konto:	Tiltak: Etablering av NAV-kontor	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 113		-100	-100	-100	-100
Sum		-100	-100	-100	-100

Etableringskostnadene som var i 2008 vert sett til 0 i resten av perioden. Driftskostnadene i form av husleige mv. vert ført under tenesteområde 135??? frå 2009.

Ansvar / konto:	Tiltak: Drift av NAV-kontor	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
135...	Husleige inkl. fellesutgifter	85	85	85	85
Sum		85	85	85	85

Husleige i dei nye kontorlokala til NAV-kontoret skal delast mellom staten og kommunen etter delingsforholdet 70/30. Kommunen sin andel ser ut til å kunne bli om lag kr. 85.000,-

Ansvar / konto:	Tiltak: Generell barnevernteneste	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 121	Miljøterapeutstilling (PMTO)	-160	-160	-160	-160
Sum		-160	-160	-160	-160

40% stilling for miljøterapeut (PMTO) har vore budsjettert under barnevernet. Denne stillinga skal ikkje vera ein del av det nyoppretta interkommunale barnevernet frå 01.09.08. Stillinga skal frå dette tidspunktet knytast til annan tenesteeining, kva for ei, er enno ikkje fastsett.

Ansvar / konto:	Tiltak: Miljøterapeutstilling (PMTO)	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
???	Miljøterapeutstilling	160	160	160	160
Sum		160	160	160	160

40% miljøterapeutstilling som fram til 01.09.08 er ein del av barnevernet, skal frå dette tidspunktet knytast til ei anna tenesteeining. Kva for ei tenesteeining er enno ikkje avgjort, men utgiftene vert ført her inntil vidare. (jfr. 12121 over)

Ansvar / konto:	Tiltak: Barneverntiltak utanfor familien	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 123	Utgiftsdekning i institusjon	400			
Sum		400	0	0	0

Ein hadde tidlegare forventningar om at utgifter til institusjonsopphald ville verta redusert frå 2009, det ser ikkje slik ut no, og det er difor ført opp kr. 400.000,- for dette året. Kva som vidare vil skje er høgst usikkert.

HELSETENESTER

Ansvar / konto: 12320	Tiltak: Legeteneste	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
3 500	Refusjon andre kommunar	15	15	15	15
3712	utjamningstilskot fastlegeordning	10	10	10	10
Sum		25	25	25	25

Kommunen må betale for pasientar heimehøyrande i Leikanger kommune som går til lege i andre kommunar. Budsjettpost 3500 må aukast med kr. 15.000,- Post 3712, utjamningstilskot frå kommunen til legane i fastlegeordninga må aukast med kr. 10.000,-

Ansvar / konto: 12321	Tiltak: Legevakt	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
3 507	Ref. legevaktordninga	10	10	10	10
Sum		10	10	10	10

Kommunen sine utgifter til legevaktsamarbeidet må aukast med kr. 10.000,-

UNDERVISNING

Ansvar / konto:	Tiltak: Ungdomsskulen	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 411	Auka elevtal som krev meir deling	200	0	0	0
	Spesialundervisning	0	-200	0	271
	Læremiddel	75	75	0	0
Sum		275	-125	0	271

Auka elevtal krev meir deling, og auka midlar til deling gjer at ein kan greie seg med mindre spesialundervisning enn ein elles måtte leggja opp til. Det er lagt inn kr. 200.000,- som styrking for vårhalvåret 2009.

Utgifter til spesialundervisning vil gå litt ned i 2010, men frå hausten 2011 vil nye tiltak krevja auka løyvingar.

Ved forige revisjon av økonomiplan vart det i utgangspunktet lagt inn kr. 75.000,- i 2 år (2008 og 2009) for å fylgja opp utskifting av læremiddel i samband med kompetanseløftet. Dette vart teke ut ved endeleg handsaming. Beløpet vert ført opp att på nytt for åra 2009 og 2010.

Oversyn over elevtalet ved ungdomsskulen (elevtal hausten det enkelte år)

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
8. steg	29	34	31	26	25	24	27
9. steg	27	29	34	31	26	25	24
10. steg	30	27	29	34	31	26	25
Sum	86	90	94	91	83	75	76

Ansvar / konto:	Tiltak: Barneskulen	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 412	Heilårsverknad av utgifter knytt til auka elevtal	180	180	180	180
	Heilårsveknad av timetalsauken	172	172	172	172
	Fleire timar til elevar med særlege behov som fylgje av timetalsauken	64	64	64	64
	Auka utgifter til læremiddel	150	150	0	0
	Fleire lærarar på seniortiltak	150	150	150	150
Sum		716	716	566	566

Kommunane fekk kompensert for auka timetal frå hausten 2008 i rammeoverføringane i 2008. Ein reknar med at kommunane får kompensert for heilårsveknaden av dette tiltaket i 2009. For Leikanger kan dette utgjera om lag kr. 170.000,- Desse midlane er lagt inn som tillegg på skulebudsjettet.

Som fylgje av timetalsauken for alle elevar i småskulen, er det og elevar med særlege behov og tilrettelagt tilbod som oppheld seg lengre tid på skulen. Meirgifter med dette er stipulert til kr. 64.000,-

I rammesaka våren 2007 vart det vurdert å auka løyvingane til læremiddel med kr. 150.000,- i 2 år framover for å dekkja det skulen opplever som eit etterslep på utskifting av læremiddel. I tillegg kjem auka utgifter til det ekstraordinært store årskullet på nær 50 ungar som no skal opp i andre steget. Det vert her gjort framlegg om å styrka denne posten med kr. 150.000,- i 2 år.

Frå hausten 2008 vil 8 lærarar vera omfatta av seniortiltak etter sentral avtale, dette medfører ei dobling av utgiftene med vikar. Meirkostnadene er stipulert til kr. 150.000,- frå 2009.

Framskrivning av elevtal 2006 – 2012 (elevtal hausten det enkelte år)

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
1.steg	27	49	30	30	24	30	29
2.steg	29	27	49	30	30	24	30
3.steg	22	30	28	49	30	30	24
4.steg	25	24	27	28	49	30	30
5.steg	27	25	24	27	28	49	30
6.steg	31	27	25	24	27	28	49
7.steg	34	31	26	25	24	27	28
Sum	195	213	209	213	212	218	220

PLEIE OG OMSORG

Ansvar / konto:	Tiltak: Pleie og omsorg	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12221 / 31	Løn sjukeheim og heimetenster	550	550	550	550
12234/35	Utgifter særtiltak	-1031	-1031	-1031	-1031
Sum		-481	-481	-481	-481

12221 / 31 – Sjukeheimen og heimetenester: Som ledd i å betra arbeidssituasjonen og redusere sjukefråværet og bruk av vikarbyrå på sjukeheimen er det i løpet av 2008 iversett fleire tiltak. Ein stilling er omdefinert til fagsjukepleiar og delvis trekt ut av turnus, tilsvarande er og gjort i heimetenestene. Dette vil høga kvaliteten på tenestene og gjera desse stillingane meir attraktive. Tiltaka har alt ført til at me har fått tilbake sjukepleiar som hadde slutta.

Årskostnaden med desse tiltaka er om lag kr. 250.000,-

Det er vidare som ei prøveordning oppretta deltidsstilling for fast vikar både på sjukeheimen og i heimetenestene i tillegg til at bemanninga har vore styrka noko i samband med ferieavviklinga. Desse tiltaka er tenkt finansiert over vikarbudsjettet. Elles ser sjukepleiedekninga ut til å betra seg framover.

Frå hausten 2008 vert det teke inn lærling i helsearbeidarfaget. Dette er gjort som eit rekrutteringstiltak av faglærd arbeidskraft. Dersom lærlingen vert i nokon gard vert nytta som vikar ved sjukefråvær, vil ikkje kommunen sine kostnader verta særleg stor.

Me har ei forventning om at desse tiltaka etter vil kvart vil føra til mindre bruk av overtid og forskyvd arbeidstid i tillegg til eit generelt betra arbeidsmiljø.

Sjølv om sjukefråværet vert redusert neste år, er budsjettposten urealistisk låg. For å unngå underbudsjettering vert denne auka med 300.000,-

12234/35 – Særtiltak i heimebasert omsorg: Dette er tiltak omkring heimebuande brukarar ein forventar vert avvikla i løpet av 2008.

BARNEHAGE

Ansvar / konto:	Tiltak: Henjahaugane barnehage	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 502	Spesialundervisning	-116	-116	-116	-116
Sum		-116	-116	-116	-116

Utgifter til spesialundervisning vert redusert med kr. 116.000 til kr. 134.000 inkl. sosiale utgifter frå 2009 (12 t/v). Summen vert ståande undra ut perioden.

Ansvar / konto:	Tiltak: Nybø barnehage	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 501	Spesialundervisning	-23	-62	-62	-62
Sum		-23	-62	-62	-62

Utgifter til spesialundervisning er i 2008 budsjettert med kr. 62.000,- For 2009 er summen redusert til kr. 39.000,- for så og bli sett til kr. 0 resten av perioden. Endringane i høve til budsjett 2008 går fram av tabellen.

Ansvar / konto:	Tiltak: Sorenskrivargarden	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 505	Spesialundervisning	227	62	-56	-56
Sum		227	62	-56	-56

utgifter til spesialundervisning er for 2008 budsjettert med kr. 56.000,- For 2009 er summen auka til kr. 283.000,- og 118.000,- for 2010. For resten av perioden er summen sett til kr. 0. Endringane i høve til budsjett 2008 går fram av tabellen.

Ansvar / konto:	Tiltak: Spesialundervisning	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 414	Løn logoped	16	16	16	16
Sum		16	16	16	16

Lønsutgifter til logoped er auka frå kr. 44.000 til kr. 60.000,- frå 2009 og ut perioden

Ansvar / konto:	Tiltak: Styrka tilbud samla	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 511	Behov Nybø	31	0	0	0
12512	Behov Henjahaugane	140	0	0	0
12515	Behov Sorenskrivargarden	297	198	0	0
12516	Uspesifisert	0	270	468	468
	Statstilskot	-468	-468	-468	-468
Sum		0	0	0	0

Ein legg opp til at utgifter til styrka tilbud vert å dekkja innanfor det særskilde statstilskotet kommunen får for funksjonshemma barn i barnehage. Dette inneber i så fall uendra netto driftsutgifter for kommune frå år til år.

Ansvar / konto:	Tiltak: SFO	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
		0	0	0	0
Sum		0	0	0	0

Førebels ingen endringar. Det skal leggjast fram eiga sak om justert tilbod i etterkant av fastsetjing av korleis timetalsauken i småskulen vert organisert.

KULTUR

Ansvar / konto:	Tiltak: Kulturformidling	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 631	Tilskot aktivitetar	5	5	5	
Sum		5	5	5	0

Auken gjeld dansegruppa Intakt og kommunen sine økonomiske plikter etter avtale med fylkeskommunen.

Ansvar / konto:	Tiltak: Aktivitetstilbod born og ung	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 702	Tilskot leige	18	18	18	18
Sum		18	18	18	18

Ny avtale mellom MC-klubben og kommunen om lokale medfører auka leigeutgifter.

LIVSSYN

Ansvar / konto:	Tilskot etter lov om trusamfunn	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
12 653	Tilskot til trusamfunn	16	16	16	16
Sum		16	16	16	16

Talet medlemmar utanom den norske kyrkja har stige dei siste åra, og dermed kommunen sine plikter til å yta tilskot.

SEKTOR FOR NÆRING OG UTVIKLING

Ansvar:	Ansvarstekst	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
13212	Sorenskrivargarden	-70	-70	-70	-70
13213	Fylkesmannsgarden	50	50	50	50
13223	Andre næringsføremål	-134	-184	-184	-184
13225	Landbruksvikar	-50	-50	-50	-50
13312	Plansaksbehandling	-15	-15	-15	-15
13313	Bygge- og delesaksbeh.	200	200	200	200
13521	Helsesenter-bygg	-150	-350	-350	-350
13522	Ny sjukeheim-bygg	100	100	100	100
13524	Leik. ungdomssk.-bygg	100	100	100	100
13525	Leik. barnesk.-bygg	150	150	150	150
13526	Nybø barnehage-bygg	30	30	30	30
13531	Henjah. barnehage-bygg	20	20	20	20
13723	Drift av idrettshall	8 000	7 950	7 950	7 950
13812	Brannvern	70	70	70	70
	Sum endring i høve til B2008	8 301	8 001	8 001	8 001

Spesifisert:

13212	Sorenskrivargarden	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
2317	Ekstraordinært vedlikehold	-70	-70	-70	-70
Sum		-70	-70	-70	-70

I 2008 er det sett av 120.000 kr til utvendig måling som ekstraordinært vedlikehold. Etter inspeksjon av dei tre uthusa, bør det setjast av midlar til ekstraordinært vedlikehold av desse. Det er lagt inn 50.000 kr kvar år i økonomiplanperioden.

13213	Fylkesmannsgarden	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
2317	Ekstraordinært vedlikehold	50	50	50	50
Sum		50	50	50	50

Etter inspeksjon av uthusa, bør det setjast av midlar til ekstraordinært vedlikehold av desse. Det er lagt inn 50.000 kr kvar år i økonomiplanperioden.

13223	Andre næringsføremål	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
13.des	Tilskot Sognefjord reiseliv	-50	-50	-50	-50
4733	Tilskot til forsøksring	-34	-34	-34	-34
4744	Tilskot til Leikanger Næringshage	-50	-100	-100	-100
Sum		-134	-184	-184	-184

Tilskota er tekne ut/redusert i samsvar med vedtak i kommunestyret i sak 91/07 om økonomiplanen 2008-2011.

13225	Landbruksvikar	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
	Heile ansvarsområdet fell bort	-50	-50	-50	-50
Sum		-50	-50	-50	-50

Ordninga med kommunal landbruksvikar fell bort frå 01.01.2009. Landbruksvikar Per Sveinung Røysum vert overført til ledig stillingsheimel ved teknisk uteavdeling/vaktmeister.

13312	Plansakshandsaming	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
6206	Gebyrinntekter	-15	-15	-15	-15
Sum		-15	-15	-15	-15

Auka gebyrinntekter på grunn av nye satsar for handsaming av private reguleringsplanar.

13313	Bygge- og delesakshandsaming	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
100	Lønn	220	220	220	220
6212	Byggesaksgebyr	-20	-20	-20	-20
Sum		200	200	200	200

Tenesteleiar Arild Henjum går tilbake til si opprinneleg avlønning.

13521	Helsesenter-bygg	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
2317	Ekstraordinært vedlikehald	-150	-350	-350	-70
Sum		-150	-350	-350	-70

I 2008 er det sett av 350.000 kr til ekstraordinært vedlikehald ved helsesenteret. AMU har vore på synfaring. Det trengs ytterlegare 200.000 kr i 2009 for å gjera oppussinga ferdig.

13522	Ny sjukeheim-bygg	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
1801	Lys og oppvarming	60	60	60	60
2301	Vedlikehald	20	20	20	20
2412	Serviceavtale STI-anlegg	20	20	20	20
Sum		100	100	100	100

Rekneskapen for 2007 syner at desse postane er underbudsjettert.

13524	Leikanger ungdomsskule-bygg	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
2301	Vedlikehald	100	100	100	100
Sum		100	100	100	100

Rekneskapen for 2007 syner at vedlikehaldsposten er underbudsjettert.

13525	Leikanger barneskule-bygg	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
2301	Vedlikehald	50	50	50	50
7280	Momskompensasjon investering	100	100	100	100
Sum		150	150	150	150

Rekneskapen for 2007 syner at vedlikehaldsposten er underbudsjettert. Momskompensasjon for investering i 2008 fell bort.

13526	Nybø barnehage-bygg	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
2301	Vedlikehold	30	30	30	30
Sum		30	30	30	30

Rekneskapen for 2007 syner at vedlikeholdsposten er underbudsjettet.

13531	Henjahaugane barnehage-bygg	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
2301	Vedlikehold	20	20	20	20
Sum		20	20	20	20

Rekneskapen for 2007 syner at vedlikeholdsposten er underbudsjettet.

13723	Drift idrettshall	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
	Lønn og sosiale utgifter	510	510	510	510
	Ekstermkjøp	890	890	890	890
	Opningsarrangement	50			
	Leigeinntekter	-300	-300	-300	-300
7280	Momskompensasjon investering	6850	6850	6850	6850
Sum		8000	7950	7950	7950

Budsjetteringa er basert på opplysningane som ligg inne om driftskostnader i søknaden om spelemidlar. Momskompensasjon for investering i 2008 fell bort.

13812	Brannvern	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
	Lønn og sosiale utgifter	70	70	70	70
1204	Personaltøy	-100	-100	-100	-100
3500	Kjøp av tenester - Sogndal kommune	100	100	100	100
Sum		70	70	70	70

Brannsjef Arild Henjum går tilbake til si opprinneleg avlønning. Kjøp av nytt personaltøy er avslutta i 2008. Avtale med Sogndal kommune gjeld kjøp av tenester til brannsyn i dei særskilde brannobjekta.

TILLEGG SOM IKKJE ER MED I GRUNNLAGET.

Tilskot regionalt badeanlegg i Luster (Gaupne)

I 2006 presenterte Luster kommune planar om å bygge eit regionalt badeanlegg i Gaupne. Sogndal og Leikanger kommunar vart førespurt om å gje investeringsstøtte med 0,3 mill kr og 0,1 mill kr.

Leikanger formannskap gjorde slikt vedtak i møte 14.02.06 sak 17.

"Leikanger kommune er positiv til planen om eit regionalt bade- og symjeanlegg i Luster. Leikanger kommune er villig til å gå inn med eit investerings- og driftstilskot i finansieringa og vil kome attende til storleik når planane for eit slikt anlegg er meir konkretisert"

Luster kommune har nå varsla om at planane truleg vert realisert i 2009 – 2011.

KYRKJA

Kap.1.5

Ansvar / konto: 1.5075	Tiltak:Kyrkja	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
470*	Tilskot til kalking		75		

Kommunen har fått brev frå Leikanger Sogneråd der dei gjer greie for behovet for kalking av kyrkja, utvendig og innvendig.

Soknerådet hadde pr. april 2008 ikkje kostnadsoverslag eller tidsplan på prosjektet, men ber om at kommunen set av midlar i budsjett / økonomiplan.

FRIE INNTEKTER, FINANSIERINGSINNTEKTER OG –UTGIFTER.

Samla for kap. 1.8 – 1.9: frie inntekter og finansieringsinntekter/-utgifter.

Ansvar:	Ansvarstekst	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
18000	Skatt på inntekt og formue	-1 634	-1 634	-1 634	-1 634
18040	Rammetilskot	-2 265	-1 820	-1 870	-1 875
18041	Andre gen.statstilskot	50	73	202	239
18060	Motpost avskr.VAR	98	98	98	98
18061	Kalk.renter-VAR	7	7	7	7
19000	Renter mv	2187	1651	1651	1651
19010	Avdrag lån	485	1 360	1 360	1 360
19040	Disposisjonsfond	-689	-689	-689	-689
	Sum endring i høve til budsjett 2008	-1 761	-954	-875	-843

Skatt og rammetilskot.

Har nytta KS sin prognosemodell etter St.prp. nr.57 som grunnlag for øk.plan 2009-2012. Samla anslag er på kr. 73,5 millionar, der rammetilskotet utgjør kr. 30.645.000 og skatt på formue og inntekt kr.42.865.000,-.

Det er ikkje lagt inn kommunal deflator (anslag for løns- og prisvekst) i økonomiplanperioden.

Det er nytta folketal pr. 01.01.2008 (2179) for heile perioden.

Skatt og rammetilskot er usikre faktorar og er m.a. avhengig av endring i folketal og alderssamansetting, difor også avrunda tal.

Ansvar / konto: 1.8041	Tiltak: Andre generelle statstilskot	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
8103	Ref.kap.utg. skulebygg	1	2	53	70
8106	Ref.kap.utg. 6-tilbodet	0	0	0	0
8108	Ref.kap.utg. ny sjukeheim	49	71	149	169
Sum		50	73	202	239

1.8041 Andre generelle statstilskot.

8103. Refusjon av kapitalutgifter skulebygg gjeld opprusting av ungdomsskolen. Refusjon vert rekna ut frå flytande gj.snittsrente i Husbanken det året refusjon vert utbetalt (berre renter). Husbanken sin prognose tilseier ei rente på 5,6% ved utgangen av 2008. Har med det som utgangspunkt berekna refusjon med 4,5% rente i 2008 og 2009 og med 4% for resten av perioden.

8108. Refusjon for kapitalutgifter til sjukeheimen er ført opp som inntekt tilsvarande årlege avdrag på kr. 500.500,- pr.år (avdragstid på 30 år) og lånerente lik gjennomsnittsrenta (flytande) i Husbanken.

Ansvar / konto: 1.9000	Tiltak: Renter mv.	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
2710	Meklarhonorar	0	0	0	0
5001	Renter på lån	1 762	1 226	1 226	1 226
5004	Renter på form.lån	-71	-71	-71	-71
9001	Renter på form.lån	71	71	71	71
9002	Renter på ansvarleg lån	0	0	0	0
9003	Renteinntekter	300	300	300	300
9004	Avkastning fondsmidler	125	125	125	125
9051	Aksjeutbyte	0	0	0	0
Sum		2187	1651	1651	1651

1.9000 Renter mv.

5001. I ramma er det nytta gjennomsnittleg rentesats på 7% for 2009 og 6,5% for resten av perioden. I gjennomsnittleg rente er det teke omsyn til at deler av låneporteføljen er fastrentelån. Rentesatsar er fastsett ut frå 6 mnd. Nibor, som pr. 15.05.2008 er notert til 6,6%. Finansmarknaden gir ulike signal på om renta vidare skal opp eller ned.

9003. Eit høgre rentenivå gir og meirinntekter på innskot. Men frå sommaren 2008 får vi ikkje lenger "låne" pengar frå skattesystemet og vi vil difor få ein vesentlg lågare saldo på konto og vi må difor redusere renteinntektene.

9004. Avkastning på fondsmidler er ein svært usikker inntektspost pga svingingar i aksjemarknaden og bør ligge på eit nøkternt nivå. Vår forvaltar anbefalar å ikkje nytte årets avkastning som ein del av budsettet. Avkastningen på denne posten er relatert til kraftfondet som vert forvalta av Pareto.

Pr. 20.05.2008 var kommunen sin forvaltningsportefølje på ca.109 mill.kr.

Tek vi omsyn til planlagt relalisering, reknar vi avkastning ut frå eit grunnlag på ca. 90 mill, 5%.

Ansvar / konto: 1.9010	Tiltak: Avdrag	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
5101	Avdrag på lån	485	1 360	1 360	1 360
Sum		485	1360	1360	1360

1.9010 Avdrag.

Avdrag på gjeld skal vera i samsvar med restlevetid på anleggsmidler, slik at lånetida for kommunen sine samla lån ikkje går ut restlevetida for anleggsmidlane.

Nye avdrag er etter NKRF sin , utrekna etter "forenkla metode" til kr. 3.685.000,-.

Nyttar ein alternativ metode, "reknearkmodellen" får vi vekta restalevetid (IB20007) på ca. 35 år og krav til avdrag på 3 mill. Dette er absolutt minst tillate avdrag.

For budsjettåret og rekneskapsåret 2009, skal vi nytte balanseverdiar pr. 31.12.2008.

Fleirbrukshallen er ikkje innrekna i grunnlaget pga ferdigstillingsdato er sett til jan. 2009.

Ansvar / konto: 1.9040	Tiltak: Avdrag	År 2009	År 2010	År 2011	År 2012
5401	Avsetjing disp.fond	-689	-689	-689	-689
Sum		-689	-689	-689	-689

1.9040 Avsetjing.

Budsjettet for 2008 var mellom anna saldert med bruk av mva-refusjon i samband med bygging av fleirbrukshallen. Og budsjettet vart gjort opp med kr.689.000,- i mindreforbruk som vart budsjettert overført til disposisjonfond.

I 2009 fell denne inntektsposten ut og det vert ikkje budsjettert med overføring til fond.

VERKNAD AV PLANLAGDE INVESTERINGAR

I denne rammesaka er ikkje verknader av investeringsbudsjettet rekna inn i resultatet.

Vedlagt i saka ligg fullstendig oversikt over alle aktuelle investeringar, der rente og avdrag er spesifisert.

Lånerenta er berekna med same rentesats som er nytta under ansvar 1.9000.

I samsvar med varsla endring for rekneskapsføring av mva-kompensasjon frå investering, er denne ført til inntekt i investeringsbudsjettet og nytta fullt ut til reduksjon av lånesaldo.

AKTUELLE INVESTERINGAR 2009 - 2012

Ansva	Prosjekt/tiltak	Totalt	2 009	2 010	2 011	2 012
3314	GPS oppmålingsutstyr	200 000	200 000			
3411	Vassverket - skifte av membranar	3 500 000	3 500 000			
3412	Vassleidning - Holevegen	150 000	150 000			
3412	Vassleidning - sentrum	200 000	200 000			
3422	Avløpsleidning - Holevegen	150 000	150 000			
3422	Avløpsleidning - sentrum	200 000	200 000			
3514	Kjøp av tomteareal nye bustadområde	?				
3524	Symjebasseng - tilstandsanalyse	300 000	300 000			
3524	Symjebasseng - rehabilitering	5 000 000		5 000 000		
3524	Ungdomsskulen - rehabilitering fløy A	7 000 000			7 000 000	
3525	Barneskulen - garderobe og dusjanlegg	3 000 000	3 000 000			
3525	Barneskulen - nye undervisningsrom	4 500 000		4 500 000		
3525	Barneskulen - parkeringplass	1 500 000				1 500 000
3530	Henjahaugane b.hage - tilbygg	300 000		300 000		
3533	Tomt - ny barnehage	1 000 000			1 000 000	
3614	Gangveg langs Holevegen	1 500 000	1 500 000			
3615	Ny veg - sentrum	500 000	500 000			
3615	Vegar - fast dekke årleg investering	1 200 000	300 000	300 000	300 000	300 000
3615	Vegar - vedlikehald murar	600 000	150 000	150 000	150 000	150 000
3711	Sentrumsplass - Hermansverk	4 000 000	4 000 000			
3721	Grunnkjøp - friareal Njøsaelvi	175 000	175 000			
3722	Ny kunstgrasbane	1 141 000		1 141 000		
3812	Ny brannstasjon	3 500 000		3 500 000		
3812	Ny brannbil	500 000			500 000	
	Samla	40 116 000	14 325 000	14 891 000	8 950 000	1 950 000

03314 GPS - oppmålingsutstyr

Oppmålingsutstyret vårt er byrja å bli utdatert. Dette nye utstyret er meir effektivt og nøyaktig. Det viktig for å halda på fagpersonalet vårt at utstyret vert oppdatert med jamne mellomrom. Utstyret kan delvis finansierast på vatn og avløp, då det og vert nytta i samband med leidningskartverk.

03411 Vassreinsing - oppgradering, skifte av membranar

Kapasiteten til reinseanlegget er redusert. Anlegget klarar ikkje å produsera nok reinsa vatn. Forbruket i vatningssesongen er større enn produksjonen. Kapasiteten har vorte halden opp med bruk av naudklor. Naudklor skal berre brukast i situasjonar der membranlegget mellombels er ute av drift. Mattilsynet har varsla pålegg om at kommunen ikkje kan driva vassverket med fast bruk av naudklor i vatningssesongen.

03412 Vassleidning - Holevegen

Dette prosjektet var ute på tilbod sommaren 2007. Det kom inn eit tilbod som låg lang over budsjettert sum. Prosjektet vart difor ikkje sett i gang. Prosjektet vil no verta redusert i lengde.

03412 Vassleidning – sentrum

I samband med bygging av ny veg i sentrum må det leggjast ned ny vassleidning. Leidningen må og leggjast i den delen av vegen som Saften skal byggja, samla om lag 200 m.

03422 Avløpsleidning – Holevegen

Dette prosjektet var ute på tilbod sommaren 2007. Det kom inn eit tilbod som låg lang over budsjettert sum. Prosjektet vart difor ikkje sett i gang. Prosjektet vil no verta redusert i lengde.

03422 Avløpsleidning – sentrum

I samband med bygging av ny veg i sentrum må det leggjast ned ny vassleidning. Leidningen må og leggjast i den delen av vegen som Saften skal byggja, samla om lag 200 m.

03514 Kjøp av bustadareal

I samband med ny arealdel i kommuneplan må kommunen sin rolle avklarast når det gjeld bustadbygginga. Dette er utgifter som vert dekkja inn att ved tomtetal.

03524 Leikanger ungdomsskule - basseng, tilstandsanalyse

Staten krev at det vert utarbeidd ein standardisert tilstandsanalyse for bassenganlegget før dei kan gi tilsagn om spelemidlar.

03524 Leikanger ungdomsskule - basseng, rehabilitering

Kostnadsoverslaget er svært usikkert. Det kan verta gitt tilskot frå spelemidlane med inntil 1/3 av kostnadene, maksimum 2,0 mill.

03524 Leikanger ungdomsskule - rehabilitering, fløy A

Kostnadsoverslaget er svært usikkert, men det er trong for skifting av alle vidauge, solavskjerming, nytt ventilasjonsanlegg for skulekjøkenet i tillegg til ei generell opprusting av bygget som er 40 år gammalt.

03525 Leikanger barneskule - garderobe- og dusjanlegg

Arkitektkontoret 4B i Sogndal arbeider med eit skisseprosjekt for tilbygg til skulen på kjellarnivå mot nordaust. Det kan verta gitt tilskot frå spelemidlane med inntil 1/3 av kostnadene, maksimum 700 000 kr.

03525 Leikanger barneskule - undervisningsrom

Arkitektkontoret 4B i Sogndal arbeider med eit skisseprosjekt for underetasjen og 1.etasjen oppå garderobe- dusjtilbygget etter romprogram frå barneskulen.

03525 Leikanger barneskule - parkeringsplass

Arbeidet med revisjon av reguleringsplanen for skule- og idrettsområdet er i gang i samarbeid med skule og Syril. Det rekna med parkeringsplass til 40 personbilar og ny snuplass for buss.

03530 Henjahaugane barnehage - anneks - restfinansiering

Det er laga planar for bygging av eit sjølvstendig bygg for å avhjelpa romsituasjonen ved barnehagen. Summen er ført opp for å dekkja eventuell meirkostnad.

03533 Ny barnehage - kjøp av tomt

Kommunestyre har fastsett at det skal sikrast tomt til ny barnehage.

03614 Gangveg langs Holevegen

Dette prosjektet var ute på tilbod sommaren 2007. Det kom inn eit tilbod som låg lang over budsjettet sum. Prosjektet vart difor ikkje sett i gang. Prosjektet vil no verta redusert i lengde.

03615 Ny veg - sentrum

Den nedre delen av Riverdalen skal leggjast om som fylgje av utbygginga kring Saften. Det skal byggjast om 100 m ny veg med veglys og overvassystem.

03615 Fast dekke

Dersom standarden på det kommunale vegnettet skal oppretthaldast, må det inn ein årleg investering på 300 000 til fast dekke

03615 Rehabilitering av vegmurar

Det er under observasjon fleire parti med tørrmur med svært dårleg stabilitet. Desse kan når som helst rasa ut.

03711 Sentrums plass – Hermansverk

Det er under arbeid detaljplanlegging av plassen. Kostnadsoverslag ligg ikkje føre. Det kan påreknast tilskot frå fylkeskommunen sine midlar til opprusting av tettstader.

03721 Grunnkjøp – friareal ved Njøsaelvi

Dei tidlegare leigeavtalane for friarealet nordvest for Njøsaelvi vil verta avløyste av kjøp av grunnen. Kjøpeavtalane vil verta lagt fram for politisk handsaming sommaren 2008.

03722 Ny kunstgrasbane

IL Syril har lagt fram planar og søker kommunen om medfinansiering av ny kunstgrasbane i 2009. Bana skal byggast på arealet der grusbana ligg i dag.

Nærare presentasjon framgår av eigen prosjektplan.

Samla investeringskostnad kr 4 614 100,- Vedlikehaldskostnadene er sett til kr 490 000,- som eingongskostnad til kjøp av traktor og snøryddingsutstyr. Årlege vedlikehaldskostnader er stipulert til kr 134 000.

Det er ikkje sett opp framlegg til fordeling av vedlikehaldskostnadene mellom Syril IL og kommunen.

Syril har sett opp slik finansieringsplan:

Spelemidler, 1/3 av totalkostnad	1 538 033
Leikanger kommune	1 140 557
Mva kompensasjon, halvpart	336 510
Syril, sponsorar mm	400 000
Dygnad og rabattar	1 199 000
Sum	4 614 100

For at anlegget skal få refundert meirverdiavgifta må kommunen stå som byggherre og eigar. Utover direkte investeringsmidlar er det søkt om at kommunen forskotterer tippemidlane

03812 Ny brannstasjon

Kommunen har pålegg frå Direktoratet for Samfunnssikkerheit og Beredskap om å erstatta noverande garasje med ein ny brannstasjon. Kostnaden er teken frå eit notat som teknisk kontor har under arbeid om bygging av ny brannstasjon på den regulerte kommunale tomte ved banken.

03812 Brannbil

I kostnaden er det rekna med at kommunen kan få kjøpt ein brukt brannbil.

Kostnader knytt til barneutbygginga, både med mellombelse og permanente løysingar, er ikkje med her. Desse kostnadene er avhengig av kva løysingar som vil verta vedtekne.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om fritak for eigedomsskatt - Gnr.14 bnr.1

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
Arkivsak nr.: 08/251

Arkiv: MTR 14/1

Sak nr.:	Utval	Møtedato
70/08	Formannskapet	10.06.2008
/	Kommunestyret	19.06.2008

TILRÅDING:

Opplysningsvesenets fond får ikkje fritak for eigedomsskatt på gnr. 14 bnr. 1 i Leikanger.

DOKUMENT:

•

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune mottok søknad frå Opplysningsvesenets fond om fritak for eigedomsskatt på gnr 14 bnr. 1 i Leikanger. Søknaden gjeld fritak for eigedomsskatt på prestebustaden.

Eigedomsskattelova § 7 bokstav a tillet fritak for ”eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten”.

Opplysningsvesenets fond er regulert ved eiga lov. Fondet består av ”den delen som er att av « det Geistligheden beneficerede Gods » og seinare tileigna eller tillagde eigedomar og kapital”. Lova skal sikre at fondet kjem Den norske kyrkja til gode, og at verdiane blir ivaretekne og gir avkastning i samsvar med Grunnlova § 106, sjå lov om Opplysningsvesenets fond § 2. Det kan ikkje vera tvil om at Opplysningsvesenets fond er ”stiftingar eller institusjonar” i relasjon til § 7 bokstav a. Fondet er i lovforarbeida rekna som ein ”stiftelseslignende innretning”, se Ot.prp. nr. 68 (1994-1995).

Avkastninga av fondet skal brukast til kyrkjelege føremål, og kan seiast å ha eit allmenntilleg føremål. Vilkåra for fritak vil difor truleg vera oppfylt.

Eit anna spørsmål er om kommunen skal nytte høvet til å gi fritak.

Prestegardar er bustadeigedomar, og likskapsprinsippet tilseier at dei må vurderast likt med andre bustader. Det kan være naturleg å samanlikne med fritaket for statseigedomar etter eiendomsskatteloven § 5. Bustader som staten eig og brukar til sine tenestemenn, er som hovudregel ikkje omfatta av unntaket.

Utan at dette er avgjerande, kan ein og sjå at Opplysningsvesenets fond eig store verdiar og at skatteevna difor er god.

Kommunenes sentralforbund (KS) har ikkje gjort dekkande undersøkingar om kommunane sin praksis m.o.t. prestegradane, men inntrykket er at desse eigedomane ikkje vert fritakne for eigedomsskatt.

Sjølv om kommunen har høve til å gi Opplysningsvesenets fond fritak for eigedomsskatt på prestebustaden, vel kommunen å støtte seg til den vurderinga ein har gjort i KS og finn at ut frå likskapsprinsippet mot andre bustadeigedomar, er det vanskeleg å gi slikt fritak.

Pr.i dag er eigedomsskatt på nemnde eigedom utskriven med kr.1.366,-.

Søknad om fritak etter eigedomsskattelvoa §7a, skal føreleggjast kommunestyret for avgjerd.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om fritak for eigedomsskatt frå Leikanger MC-klubb.

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
Arkivsak nr.: 08/275

Arkiv: MTR 24/155

Sak nr.:	Utval	Møtedato
71/08	Formannskapet	10.06.2008
/	Kommunestyret	19.06.2008

TILRÅDING:

**Leikanger kommune innvilgar Leikanger MC-klubb fritak for eigedomsskatt på gnr. 24 bnr. 155.
Fritaket gjeld ikkje om bygningen på nytt vert teken i bruk til forretningsdrift.
Ved andre bruksendringar vert eventuelt fritak av eigedomsskatt å vurdere på nytt.**

DOKUMENT:

-

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har fått søknad frå Leikanger MC-Klubb om fritak for eigedomsskatt på gnr 24 bnr.155 i Leikanger. Dvs søknad om fritak for eigedomsskatt på tidlegare forretningsbygg med adresse Askedalen 12.
Klubben vert driven på dugnadsbasis.

Eigedomsskattelova § 7 bokstav a, tillet fritak for ”eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten”.

Sidan det kan vere vanskeleg å vurdere om Leikanger MC-klubb er ein organisasjon som tek sikte på å ”gagne kommune, fylke eller stat” bør vi vurdere kva føremål klubben har med bygningen samt gjere ei samlkning mot tilsvarande lag og organisasjonar.

Leikanger MC-klubb overtok bygget i mai 2007 og bygningen vert i dag nytta til ungdomsklubb, klubblokale for medlemar og lagring av motorsyklar om vinteren.

Ungdomsklubben vert driven av Leikanger kommune, der MC-klubben mottok husleige samt betaling for å stille med ekstra vakter dei kveldane ungdomsklubben har ope.
MC-klubben kan fritt nytte arealet når ungdomsklubben ikkje har aktivitet.

Departementet har kome med uttale der dei uttaler til at drift av barnehage er aktivitet som gagnar fellesskapet og at kommunen i slike høve kan gi fritak for eigedomsskatt etter §7 bokstav a.

Sjølv om kommunen ikkje er pålagd å drive ungdomsklubb, er det nærliggjande å tolke denne uttalen analogt.

Departementet føreset at bruk av eigedomen ikkje har som hovudføremål å gi forretningsmessig overskot.

Ut frå ovannemnde, tilfredsstillar bruken av bygningen omsynet til krav om fritak for eigedomsskatt.

Samanliknar vi klubben med andre organisasjonar som har bygningar i eigedomsskatteområdet, ser vi at desse ikkje svarar eigedomsskatt til kommunen. Her vil likskapsprinsippet tilsei at heller ikkje MC-klubben skal svara eigedomsskatt av bygningen. Det at dei i tillegg leiger ut til ungdomsklubb, styrkar dette omsynet.

Sjølv om det i utgangspunktet er tvil om at Leikanger MC-klubb er ”stiftingar eller institusjonar” i relasjon til § 7 bokstav a, vel vi etter ei totalvurdering å vurdere Leikanger MC-klubb med sin aktivitet, til å vere ein organisasjon som kan vurderast etter eigedomsskattelova §7a.

Vilkåra for å kunne gi fritak vil difor truleg vera oppfylt og ut frå likskapsprinsippet finn ein det rimeleg at Leikanger MC-klubb får fritak for eigedomsskatt på bnr. 24 bnr. 155 i Leikanger.

Dagens eigedomsskatt er utskriven med kr. 6.846,- pr.år.

Søknad om fritak etter eigedomsskattelova §7a, skal føreleggjast kommunestyret for avgjersle.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Endra opningstider i skulefritidsordninga og fastsetjing av nye betalingsattsar.

Sakshandsamar: Gunnar Steine
Arkivsak nr.: 08/356

Arkiv: 231 A22

Sak nr.:	Utval	Møtedato
72/08	Formannskapet	10.06.2008
/	Kommunestyret	19.06.2008

TILRÅDING:

Som fylgje av nye opningstider i skulefritidsordninga frå hausten 2008, vedtek kommunestyret fylgjande ny betalingsattsar frå skulestart til 31.12.08.

Alternativ	Innhald	Pris
A	5 dagar per veke før og etter skuletid utan feriar	Kr. 1.250,-
B	5 dagar per veke før og etter skuletid inkludert feriar og fridagar minus skulen sin sommarferie	Kr. 1.450,-
C	Berre onsdagar	Kr. 600,-
D	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 828,-

For alternativ A, B og C gjeld betalinga per månad i 11 månader. Juli er betalingsfri månad. For alternativ D gjeld betalinga per veke

Det er høve til kjøp av inntil 2 enkeltdagar per månad utanom feriane. Pris per dag kr. 180,-

Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn.

DOKUMENT:

- Gjeldande betalingsattsar vedteke av kommunestyret 13.12.07, sak 89/07

SAKSUTGREIING:

Som fylgje av utviding av timetalet i småskulen frå komande haust, jfr. sak K20/08, vert opningstidene for skulefritidsordninga endra og dermed også betalingsattsane.

Skulefritidsordninga har fram til no hatt fire ulike alternativ:

Alternativ	Innhald	Timar per veke	Pris per mnd. (10 mnd)
A1	Før og etter skuletid m,ty,to og f	15	1365
A2	Onsdag	9	1365
B	Alt A1 + A2	24	1628
C	Alt B + feriar, eks. sommarferievekene	24	1909

Kommunestyret vedtok i møte 08.05.08, sak 20/08 slik ny ytre ramme for skuledagen:

Vekedag	Skuletid
Måndag	09.00 – 14.30
Tysdag	09.00 – 14.30
Onsdag	09.00 – 12.45
Torsdag	09.00 – 14.30
Fredag	09.00 – 13.30

Etter dette vert opningstida for skulefritidsordninga:

SFO morgon	Timar	SFO etter skuletid	Timar	Sum timar
07.30 – 09.00	01.30	14.30 – 16.30	02.00	03.30
07.30 – 09.00	01.30	14.30 – 16.30	02.00	03.30
07.30 – 09.00	01.30	12.45 – 16.30	03.45	05.15
07.30 – 09.00	01.30	14.30 – 16.30	02.00	03.30
07.30 – 09.00	01.30	13.30 – 16.30	03.00	04.30
Sum timar SFO vil vera open per veke				20.15

Maksimaltilbodet i SFO vert redusert med 3 timar og 45 minutt (frå 24t til 20t og 15min.) i høve til no.

Alternative tilbod

Rådmann gjer framlegg om at det frå hausten 2008 vert gjeve fylgjande alternative SFO-tilbod:

Alternativ	
A	5 dagar per veke før og etter skuletid utan feriar
B	5 dagar per veke før og etter skuletid inkludert feriar og fridagar minus skulen sin sommarferie
C	Berre onsdagar
D	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.

Det er i tillegg høve til kjøp av inntil 2 enkeltdagar per måned utanom feriane.

Betalingsattsar

Ved fastsetjing av dei nye prisane har ein teke utgangspunkt i gjeldande satsar og korrigert for endra timetal for dei enkelte alternativa. Ein har vidare fordelt betalinga på 11 månader i staden for 10 som no. Ein vil då få like rutinar for innkrevjing av foreldrebetaling som for

barnehagane, noko som vil letta kommunen sitt arbeid vesentleg. Nivået på betalingsattsane som det vert gjort framlegg om vil innebera at kommunen ikkje får meirutgifter ved omlegginga av SFO-tilbodet. Dei endelege konsekvensane av omleggingane vil ein først sjå etter at ordninga er iverksett. Kommunestyret vil i desember månad på ny kunne vurdere betalingsattsane for neste år ut frå dei erfaringane ein gjer seg hausten 2008.

Alternativ	Foreldrebetaling
A	Kr. 1.250,- per månad i 11 månader
B	Kr. 1.450,- per månad i 11 månader
C	Kr. 550,- per månad i 11 månader
D	Kr. 828,- per veke i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli

Kjøp av inntil 2 enkeltdagar per månad utanom feriane. Pris per dag kr. 180,-

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Evaluering av Kulturskulen i Sogn

Sakshandsamar: Roar Sandnes
Arkivsak nr.: 08/378

Arkiv: NAV

Sak nr.:	Utval	Møtedato
73/08	Formannskapet	10.06.2008
/	Kommunestyret	19.06.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek:

- Det er ei målsetting å auka elevtalet opp til 30% av elevane i grunnskulealder. Nye disiplinær som visuelle kunstfag, skapande skriving og drama vert satsingsområder. Kulturskulen bør samarbeide tettare med skulane, og utgreia om ein kan få undervisninga inn i skuletida.
- Kommunestyre er innstilt på å fastsetja ei elevbetalinga på kr 3.200,-/1.600,- pr år frå 1.1.09 og med søskenmoderasjon på 25% frå og med andre søsken/plass frå same tidspunkt.
- Leikanger kommune seier opp avtalen med fylkeskommunen om distriktsmusikarordninga innan 01.07.08 med verknad frå 01.08.09. Det vert sett inn tiltak hausten 2008 for mogleg å få ordninga til å fungera betre med tanke på ei eventuell fornying av avtalen frå hausten 2009.
- Namnet på kulturskulen vert framleis Kulturskulen i Sogn.
- Rådmannen i vertskommunen, i samråd med rådmennene i deltakarkommunane, vurderer oppfølginga av dei andre tilrådingane i evalueringsrapporten

DOKUMENT:

- Samarbeidsutvalet sin evalueringsrapport – (vedl)
- Samarbeidsavtale – vedtekn 2006 (vedl)

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

I samband med oppretting av felles kulturskule mellom Luster, Sogndal og Leikanger kommunar frå 01.08.2006 var det forutsett at ordninga skulle evaluerast innan 2 år.

Rektor Roar Sandnes har stått for evalueringa i samarbeid med samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet har slik samansetting:

- J Nyttingnes - Leikanger
 - A Zondag - Sogndal
 - I M Evjestad - Luster
 - D Pearce - Tilsettere representant
 - O Einan - Elevrepresentant
 - R Herland - Foreldrerepresentant
- Sekretær: R Sandnes

Evalueringsrapporten ligg ved saka

Utgreiing:

Samarbeidsutvalet ved Kulturskulen i Sogn handsama 5. mai 2008 rektor sitt framlegg til evalueringsrapport. Evalueringsrapporten si pakke med tiltak er utgangspunktet for rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget er forma ut i frå føresetnaden om at samarbeidskommunane gjer likelydande vedtak

Kulturskulen bør ha som målsetting å gi eit tilbod til 1/3 av grunnskuleelevane i kommunane. Ei slik målsetting bør ikkje gå ut over kvaliteten av det eksisterande tilbodet. Ein bør arbeide for å oppnå betre kapasitetsutnytting enn i dag og på denne måten ta inn fleire elevar utan tilsvarande auke av kostnadene.

Rådmannen meiner ein må følgje opp målsettinga om å få like satsar for elevpengane i alle kommunane på dette stadiet i samarbeidet. Kommunal kontroll over eigne takstar var rett nok ein viktig føresetnad i etableringa av skulen. Det er likevel grunn til å jobba for ei tilnærming av prisenivået framover. Så lenge ein operer med ulike satsar bitt ein opp store administrative ressursar med å følgje opp betalingsordninga. Like satsar vil gjera systemet meir oversiktleg, og lettare å handtere.

Ei samordning av søskenmoderasjonen bør innførast med same grunngjeving.

Kulturskulen si verksemd er spreidd over eit stort geografisk område og på mange ulike undervisningsstader. Personalarbeid er difor utfordrande og framstår som ei prioritert oppgåve. Rektor må finna midlar til dette arbeidet innan eigne rammer.

Kulturskulen bør samle mest mogeleg av dei administrative ressursar i eit felles kontorfellesskap. Hittil har administrasjonen vore spreidd på tre ulike kontorstader. Det er grunn til å tru at dette arbeidet kan gjerast meir effektivt ved å sentralisera administrasjonen i Sogndal. Det er utfordringar knytt til å finna plass til dette i dei lokala kulturskulen nyttar i Sogndal i dag.

Distriktsmusikarordninga har vore ein del av kulturskulen i prosjektperioden. Det har vore ein føresetnad at ordninga skal vera ei styrking av kulturskulen si verksemd og at musikarane skal vera viktige ressurspersonar i lokalmiljøet. Dei tilsette har hatt fleire interne konflikhtar sidan oppstarten. Dette har gått ut over arbeidsmiljø og produktivitet. Det har også kravd uforholdsmessig store administrative ressursar. Historikken frå Sogndal musikk- og kulturskule og erfaringar med små institusjonaliserte kunstnargrupper elles i fylket tyder på at høgt konfliktnivå er ein gjennomgåande trend. Det er difor grunn til å vurdere om ressursane kulturskulen i dag nyttar på DM-ordninga kan nyttast på ein betre måte.

Kulturskulen i Sogn har halde fram med undervisningsstadane som kommunane nytta før samanslåinga. Det er store variasjonar på kor godt desse høver til skulen si verksemd. Det bør gjennomførast ei samla kartlegging av lokala kulturskulen nyttar, og gjerast opp ein status for naudsynte endringar. Dette arbeidet må også syne behovet for investeringar.

Det må utarbeidast like vilkår for kjøp av tenester. Dette bør gjerast i samarbeid med frivillige lag som kjøper tenester i dag. Pris og kommunal subsidiering er opp til kommunane å vedta og skal ikkje takast med i dette arbeidet.

Rådmannen vil tilrå at nemninga "Kulturskulen i Sogn" ikkje blir endra.. Ei endring som tek med namnet til alle tre kommunane blir for tungvint i bruk.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Felles barnevernkontor - Luster, Sogndal og Leikanger

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 08/35

Arkiv: 026 F40

Sak nr.:	Utval	Møtedato
74/08	Formannskapet	10.06.2008
/	Kommunestyret	19.06.2008

TILRÅDING:

1. **Lekanger kommune godkjenner samarbeidsavtale om interkommunal barnevernteneste slik det går fram av vedlegg 1.**
2. **Rådmannen får fullmakt til å delegere ansvaret for dei oppgåvene kommunen har etter Lov om barnevern til rådmannen i Sogndal.**

DOKUMENT:

- Framlegg til samarbeidsavtale (vedl)
- Prosjektplan med mandat (vedl)
- Kommunestyret sak 82/07 – intensjonsvedtak, møte 13.12.2007
- Barne- og likestillingsdep, rskr dagsett 27.09.08

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde i sak 82/07 slikt vedtak:

1. *Leikanger kommune ønskjer , med tilvising til rapport og tilhøyrande notat om interkommunal barnevernsteneste, at det vert etablert ei vertskommuneløysing i høve barnevernet.*
2. *Ei evt vertskommuneløysing må utgreiast nærare, anten i regi av Sogn regionråd eller i regi av dei kommunane som måtte ønskje ei slik løysing.*

Kommunestyra i Sogndal og Luster har gjort tilsvarende vedtak.

Regionrådet gjorde i sak 1/08 slikt vedtak:

1. *Kommunane ser på team-modellen som lite aktuell og ønskjer i staden at det vert etablert ein vertskommunemodell.*
2. *Søknad om fornyingsmidlar går frå Sogndal kommune på vegne av Luster, Leikanger og Sogndal kommune om etablering av ein vertskommunemodell med overføring av vedtaksmynde.*

3. *Dei andre kommunane har høve til å slutte seg til ordninga, eventuelt på eit seinare tidspunkt kjøpe tenester frå denne vertskommuneløysinga eller opprette eigen vertskommuneløysing.*

Kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Vik og Balestrand har gjeve melding om at dei pr. i dag ikkje ønskjer å vere med i vertskommunesamarbeidet, men at det på eit seinare tidspunkt kunne vere aktuelt å vurdere slik deltaking eller kjøp av tenester.

På bakgrunn av desse vedtaka etablerte kommunane Leikanger, Luster og Sogndal eit samarbeid om etablering av ei regional barnevernteneste etter vertskommunemodellen jf. prosjektplan og mandat (vedlegg 2).

Gjennomføring av utgreiingsarbeidet

Det vart søkt om statlege fornyingsmidlar, og prosjektet har fått ei løyving på kr. 600 000 til utgreiingsarbeidet. Sogndal kommune har vore prosjektansvarleg og har ivareteke prosjektleiaransvaret. Det har vore oppretta ei arbeidsgruppa med representantar frå alle tre kommunane og ein tillitsvald. Rådmennene har vore styringsgruppe.

Det regionale kontoret er planlagt opna 01.09.08, og framdrifta i prosjektet er i samsvar med prosjektplanen. Det er gjort framlegg om at namnet på den interkommunale barneverntenesta vert Sogn barnevern. I følgje prosjektplanen skal kommunestyra i dei tre kommunane handsame framlegg til samarbeidsavtale innan utgangen av juni.

Vertskommunemodellen inneber at vertskommunen er ansvarleg for å utøve tenesta i alle tre kommunane, og er arbeidsgjevar for alle tilsette innan barnevernet. Dei tilsette i barnevernet i Leikange og Luster vert såleis overført til Sogndal kommune pr. 01.09.08, og Sogn barnevern vil få 9 tilsette medrekna leiar. Stillinga som leiar er lyst ut. Overføringa av tilsette skjer gjennom verksemdsoverdraging jf. arbeidsmiljølova. Det er gjennomført møte med alle tilsette og tillitsvalde, og det er ingen som har hatt merknader til etablering av Sogn barnevern.

Målet med samarbeidet

Målet med samarbeidet er at kommunane skal få ei betre, meir effektiv og føremålstenleg barnevernteneste for barn og familiar og auka rettstryggleik for denne gruppa.

Samarbeidsavtalen

Styringsgruppa sitt framlegg til samarbeidsavtale går fram av vedlegg 1. Samarbeidet mellom kommunane er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med § 28b i kommunelova.

Når det gjeld mynde er det gjeve ein generell heimel til å overlate utføring av lovpålagde oppgåver og delegere utføring av offentleg mynde til andre kommunar i eit vertskommunesamarbeid med mindre dette er forbode i særlov. Det er klarlagt at reglane i Lov om barneverntenester ikkje er til hinder for eit slikt samarbeid (Ot.prp. nr. 95 (2005-2006)). I barnevernlova §2-1 fjerde ledd er det eit krav om at det i kvar kommune skal vere ein administrasjon med ein leiar som har ansvaret for oppgåver etter lova. Innanfor eit administrativt vertskommunesamarbeid vert dette kravet oppfylt ved at ansvaret for oppgåvene etter barnevernlova vert delegert til vertskommunen.

Når det gjeld punkta om oppseiing og tvistar er det teke utgangspunkt i dei formuleringane som ligg i samarbeidsavtalen om Sogn kulturskule.

Fordelingsmodell

I samarbeidsavtalen er det lag til grunn ein økonomimodell, der budsjett for både drift og tiltak vert overført til vertskommunen. Drift (løn, kontorutgifter, kurs/opplæring m.m.) vert felles for kontoret og fordelt etter ein avtalt nøkkel. Det vil så vere eigne postar i Sogndal kommune sitt budsjett/ rekneskap knytt til tiltak for kvar kommune. Desse kostnadene vert dekkja fullt ut av den kommunen det gjeld, og vert ikkje belasta "fellesskapet". Det vert utarbeidd rutinar for å melde avvik. Dette skjer først og fremst i samband med tertialrapporteringa, men med særskild melding til rådmannen i den aktuelle kommunen ved omsorgsovertaking/særskild kostnadskrevjande tiltak.

Alternativet ville vere å berre overføre driftsutgiftene til vertskommunen, og la kvar kommune budsjettere for tiltak i eigen kommune. Det vil seie at alle utbetalingar ville måtte skje via kvar kommune etter vedtak gjort av det regionale barnevernet.

Styringsgruppa vurderer det slik at den tilrådde modellen vil gje ein enklare saksgang og betre kontroll, mellom anna ved at barneverntenesta slepp å sende bilag til tre kommunar og berre treng tilgang til eitt rekneskapssystem for budsjettkontroll.

Styringsgruppa tilrår at utgifter til felles drift av tenesta vert fordelt med 40% likt mellom kommunane og 60% etter folketal pr. 01.01.

Økonomiske konsekvensar

Det er oppsett eit førebels driftsbudsjett basert med grunnlag i årsbudsjetta for 2008 + 5% lønsauke.

Budsjettoppsettet synet ei samla driftsramme på kr 4 344 000,-

Fordelt i samsvar med tilrådinga om 40% likt og 60% etter folketal vil gje følgjande fordeling mellom kommunane:

	Fast del (40)	Folketal (60)	Sum
Sogndal	579200	1 289 185	1 868 385
Luster	579200	910 035	1 489 235
Leikanger	579200	407 180	986 380
Sum	1 737 600	2 606 400	4 344 000

Dagens kostnader for Leikanger kommune er rekna til kr 695 000,-. Med den nye samarbeisordninga vil Leikanger sine driftskostnader auke med om lag kr 291.000.

For Sogndal vil kostnadene auke med kr 531 335,-. Luster kommune vil få tilsvarande auke med kr 370 335,-.

Vurdering

Rådmannen syner her til dei vurderingane som vart gjort i samband med handsaming av k.sak 82/07. Det vart her peika på at kommunen i utgangspunktet var positive til eit interkommunalt samarbeid om barnevern. Vi vurderte vertskommunemodellen til å vere den

modellen som gav best stabilitet og eintydige rammevilkår og dei beste vilkåra for å bygge opp ei kvalitativ god teneste. Dette var òg den mest økonomiske modellen.

Sentrale styresmakter har peika på at kommunar med små barnevernkontor vil stå overfor utfordringar knytt til habilitet, kompetanse og kapasitet. Eit samarbeid om regional barnevernteneste slik det her er skissert, vil på ein god måte møte desse utfordringane. Tenesta vil òg vere robust nok og på sikt ha god nok fagkompetanse, til at det i mindre grad vil vere naudsynt å kjøpe eksterne tenester.

Etter rådmannen si vurdering ivaretek framlegg til samarbeidsavtale kommunen sine behov på ein god måte. Avtalen regulerer samarbeidet mellom kommunane på ein ryddig måte, og er eit godt styringsdokument når det gjeld drifta av det regionale kontoret.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om frådeling av tomt til garasje/verkstad - Gnr.20 bnr.1

Sakshandsamar: Runar Stadheim
Arkivsak nr.: 08/165

Arkiv: MTR 20/1

Sak nr.: Utval
75/08 Formannskapet

Møtedato
10.06.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommune finn ikkje grunnar for å gje dispensasjon frå jordlova §§ 9 og 12 og arealdelen i kommuneplanen, og gir såleis ikkje løyve til frådeling av garasjetomt på gnr.20 bnr.1, Dalen.

DOKUMENT:

- Søknad av 07.02.08 m/kartvedlegg (vedlagt)
- Fråsegn av 30.04.08 frå Fylkesmannen si landbruksavdeling.

SAKSUTGREIING:

Teknisk kontor si utgreiing

Søknaden gjeld overføring av eit areal frå gnr.20 bnr.1 til gnr.24 bnr.195. Søkar er Arne Opthun. Kjøpar er Anne Opthun og Ingar Skarsbø. Arealet er om lag 300m² og skal nyttast til oppføring av garasje. Søknaden vert handsama som ein delings sak, men arealet skal leggst til Anne Opthun, eigar av gnr.24 bnr.195, ved grensejustering i samsvar med Delingslova § 2-3. Parsellen som er søkt overført ligg innafor LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i arealdelen av kommuneplanen. Dette krev at søknaden må handsamast både etter Plan- og bygningslova og Jordlova.

I utgangspunktet kan ikkje frådeling av eigedom utførast utan søknad og løyve etter § 93 i plan- og bygningslova. Frådelinga må ikkje strida mot plan- og bygningslova, forskrift, vedtekt eller plan, jf. § 63 i plan- og bygningslova.

Situasjonsplanen syner avkøyning frå vegen Hagane på den delen av vegen som er gang- og sykkelveg. På situasjonsplanen er det teikna inn ein garasje på 7 x 10m i to etasjar medrekna loft. I tillegg viser planen moglegheit for å snu på eige område. Bygget vert søkt oppsett 2,0 m frå vegkant. Erling Gjerde har signert fråsegn der han tillet oppføring av garasjen 1,0 m frå eigedomsgrensa i vest. I samband med opparbeiding av avkøyrslø skal det leggst ned røyr med dimensjon 6` eller meir mot kommunal veg.

Om søknaden skal godkjennast, må om lag 50m av vegen Hagane omklassifiserast frå gang- og sykkelveg til køyreveg. Gangvegskiltet må flyttast slik at ein kan køyra til omsøkt garasje.

Endeleg godkjenning av byggesøknaden vert gjort administrativt.

Dersom frådelinga vert godkjent må det vera med desse atterhalda og merknadene:

1. Det omsøkte arealet skal tilleggast naboeigedomen gnr.24 bnr.195 ved grensejustering etter Delingslova § 2-3.
2. Garasjen må etablerast min. 2.0m frå vegkant mot offentlig veg.
3. Om lag 50m av gang- og sykkelvegen vert omklassifisert til køyreveg i dette området. Teknisk etat får fullmakt til å fastsetja plassering av nytt skilt.

Landbrukskontoret si utgreiing

Frådeling til garasje ikkje i samsvar med reguleringsplan eller arealdelen i kommunenplanen og imøtekomning av søknaden krev dispensasjon frå desse planane i tillegg til Jordlova.

Samtykke til deling kan gjevast om:

1. Samfunnsinteresser av stor vekt taler for det
2. Deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastninga eigedomen kan gje.

Garden er på i alt 50 daa fulldyrka areal, 450 daa produktiv skog og 1550 daa anna skogareal. Arealet er samla kring tunet, men omsøkt areal er skilt frå resten av dyrka jorda med kommunal veg. Arealet ligg likevel i ein godt arrondert teig, der mestedelen av arealet tilhøyrer gnr.22 bnr.4. Arealet ligg om lag 150 m frå tunet på Dalen.

I Jordlova sin føremålsparagraf heiter det :

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verta brukte på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsmessig bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

I Jordlova § 9 heiter det: *Dyrka jord skal ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.*

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter Plan – og bygningslova, drifts – eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi.

I Jordlova § 12 heiter det at :

Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det

mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts – eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

Frådeling av areal, òg i ein utkant vil ofte medføra driftsulemper. På naboeigedomen er det vesentleg husdyrhald som regelmessig medfører spreiring av husdyrgjødsel som er ein naudsynt del av drifta på garden. Det omsøkte arealet er definert som anna skog på kartet frå www.skogoglandskap.no. Det er påreknleg at garasje/verkstad kan medføre trakk og slitasje på jordbruksareal, uroing av dyr på beite m.m. Arealet ligg inntil jord som er i bruk til landbruksproduksjon og må påreknast å vera i slik bruk i framtida. Reduksjon i dyrka mark vil i liten grad (300m²) vera med å redusere avkastninga på bruket. Deling i dette området kan vera med på gradvis å svekke produksjonsmiljøet. Delinga vil likevel vera forsvarleg utifrå omsynet til den avkastninga eigedomen kan gje, men teigen bør vurderast som heilskapleg i lag med gnr 22 bnr 4.

Kommunen har innhenta uttale frå Lanbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, som skriv: *Plasseringa av tiltaket, mot eit uinfiltrert dyrka område, er etter vårt syn mindre heldig. Vi vil difor rå kommunen til å vurdere om tiltaket kan lokaliserast på anna areal, samt å sjå nøye på om det kan seiast å liggje føre særlege grunnar som tilseier at det i det heile kan dispenserast frå kommuneplanen ved dette høvet.*

I denne saka finn ikkje rådmannen at det ligg føre særlege høve eller samfunnsinteresser av stor vekt.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Leikanger storvald – endring av bestandsplanen 2006 - 2008

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 06/172

Arkiv: K46

Sak nr.: Utval
76/08 Formannskapet

Møtedato
10.06.2008

TILRÅDING:

Leikanger Storvald får løyve til å endra bestandsplan 2006 – 2008 ved å ta ut attverande dyr, om lag 128 hjort, i jakta 2008.
Det skal vere fordeling på om lag 40% kolle, maksimum 15% bukk og resten som ungdyr og kalv med nokolunde lik kjønnsfordeling. Det bør ikkje skytast kolle vekk frå kalv og det er ynskje om å spare på eldre bukkar. Det bør og leggst vekt på å ta ut dyr som beiter på innmark.

DOKUMENT:

- Brev av 02.05.08 frå Leikanger Storvald (vedlagt)
- Fellingsresultat for Leikanger Storvald 2006 og 2007(vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Leikanger Storvald om løyve til endring av kjønnsfordelinga på avskytinga av hjort. Dei har ein godkjent bestandsplan og avskytingsavtale for perioden 2006 – 2008 der det heiter at det skal takast ut 258 dyr i planperioden. Fellingsreslutatet skal vere minimum 25% kalv, minimum 40% ungdyr, maksimum 20% eldre kolle og maksimum 15% eldre bukk. Dette kan fråvikast med +/- 10% det enkelte år.

Leikanger storvald har i 2006 teke ut 9 vaksne hanndyr, 16 vaksne hodyr, 12 unge hanndyr, 15 unge hodyr, 7 hanndyr kalv og 8 hodyr kalv. I 2007 har dei teke ut 10 vaksne hanndyr, 19 vaksne hodyr, 13 felte unge bukkar, 1 felte unge hodyr, 13 hanndyr kalv og 5 hodyr kalv. Dette betyr at det ordinært etter bestandsplan står att uttak av 128 hjort, med 19 vaksne hanndyr, 16 vaksne hodyr, 62 ungdyr og 31 kalv.

Med bakgrunn i at hjortestamma har auka vesentleg siste åra og at det er skadeproblem med innmarksbeiting i Leikanger, er det ynskjeleg at det vert lagt vekt på å ta ut hodyr og ungdyr i 2008 og at det vert lagt vekt på å ta ut alle tildelte løyve.

Administrasjonen har hatt møte med representantar for Leikanger Storvald og er komne fram til at det er ynskjeleg å ta ut alle dei attverande 128 løyve fordelt med om lag 40% kolle, maksimum 15% eldre bukk og resterande teke ut som ungdyr og kalv med nokolunde lik kjønnsfordeling. Det er ynskjeleg at ein ikkje skyt kolle vekk frå kalv og at ein sparar på eldre bukk. Det er og viktig at det vert teke ut dyr som beitar på innmark.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om fartshumpar og flytting av fartsgrensesone 30 km/t i Kleppavegen

Sakshandsamar: Per Gjerland
Arkivsak nr.: 08/312

Arkiv: Q81

Sak nr.: Utval
77/08 Formannskapet

Møtedato
10.06.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommune vedtek at Kleppavegen, frå krysset med Njøsavegen til Kleppavegen 9, skal ha fartsgrensesone 30 km/t. Fartsgrensesona vert varsla med skilt nr. 366 og 368, etter krysset med Njøsavegen. Eksisterande skilt vert flytta frå Kleppavegen 9. Det skal også etablerast 2 stk fartshumpar.

DOKUMENT:

- Søknad av 16.04.08 om flytting av fartsgrensesone 30 km/t (vedlagt)
- Brev av 20.05.08 frå lensmannen
- Kartutsnitt (vedlagt).

SAKSUTGREIING:

Oppsitjarane langs den nedre delen av Kleppavegn ynskjer at fartsgrensesona 30 km/t vert flytta frå Kleppavegen 9 til krysset med Njøsavegen. Nedre del av Kleppavegen har i dag fartsgrense 50 km/t. Dei vil også ha fartshumpar.

Lensmannen har ingen merknad til søknaden.

Kleppavegen er gjennomkøyringsveg og er tilkomstveg til bustadområde Røysaleite og utfartsområde på Kleppa . Det er mykje trafikk både sommar og vinter. For å sikre bebuarane langs vegen er det naudsynt å få på plass fartsgrense 30 km/t. Det er god oversikt i vegområdet og ikkje noko naturleg fartsdempande hinder. Det er difor viktig at det blir fylgt opp med tiltak som reduserar farten, fartshumpar. Berre nedsett fartsgrense åleine vil ikkje dempe farten.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

ORIENTERINGSSAKER

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 08/406

Arkiv:

Sak nr.: Utval
78/08 Formannskapet

Møtedato
10.06.2008

TEMA:

- **Opning av fleirbrukshallen – notat frå festnemnda (vedl.)**